

Atle Vaage

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2348 - 16/14267

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

27.05.2016

Svar på søknad om stenging av kommunal veg for arrangementet Tour of Norway for Kids

Teknisk drift syner til e-post datert 24.05.2016 vedkomande søknad om løyve til å stenge Lonsvegen i samband med arrangementet «Tour of Norway for Kids». Teknisk drift vil gje løyve til å arrangere «Tour of Norway for Kids» i Lonsvegen på den planlagte ruta frå kryss Juvikstølen til kryss ved nye leiligheter/Knarvik kyrkje.

I det rittet går ut på kommunal veg skal det være nok vaktar til at ein, til ein kvar tid, er sikker på at ingen born kjem i konflikt med eventuelle kjøretøy. Vaktane skal være godkjent for arbeid på veg etter eget regelverk. Ta kontakt med Nordhordland lensmannskontor v/ Kjell-Idar Vangberg for avklaring av vakthald. Det skal orienterast skriftleg til alle utrykkingsetater (politi, ambulanse, brann) om at det skal føregå sykkel løp i Lonsvegen **fredag 10. juni 2016 i tidspunktet 17.30-20.00**. Omkjøringsmuligheit skal være skissert i denne orienteringa. Utrykkingskjøretøy må likevel kunne kjøre inn i området dersom dette er nødvendig.

Delar av kommunal veg i Juvikstølen er stengt mellom kl 07.00 – 18.00 i ei lenger periode på grunn av sprengingsarbeid. Ta kontakt med Alversund Maskinstasjon ved Ove Myking for å få opna veg i anleggsområdet slik denne kan nyttast som omkjøringsveg. Alversund Maskinstasjon må kontaktast i god tid slik at dei kan planlegge arbeid i anleggsområdet og få opna vegen i god tid før arrangementet startar.

Det skal på kvar side av løpet, i passande avstand, setjast opp informasjonsskilt om at løp pågår og tidsrommet for dette. I tillegg skal løpet annonserast i lokalavisa. Informasjon om stenging av veg skal være på plass i god tid før vegen vert stengt.

Når det gjeld parkering i forkant av løpet må De sørgje for at det er nok vaktar til at kjøretøy vert dirigert der det er parkeringsplassar slik at kjøretøy ikkje vert parkert langs vegen. Det er viktig at det ikkje vert parkert langs vegbana slik at framkommeligheit for utrykkingskjøretøy vert hindra. Det skal sjølvsagt ryddast opp etter arrangementet.

Elles ynskjer vi Dykk lykke til med arrangementet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Fagsjef veg

Mottakarar:
Atle Vaage